



MØTEPROTOKOLL

Utval: Valstyret
Møtedato: 20.05.2015
Møtetid: 15:00 - 15:50
Møtestad: Kommunehuset

Av 7 medlemmer møtte 6, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemmene møtte ikkje:	I staden møtte:
Øyvind Røen (Sp)	Ingen

Andre som var til stades på møtet:

Jan Erik Boge (stabssjef) under heile møtet
 Marianne Soleng (avdelingsleiar fellestenesta) under heile møtet

Møteleiar:	Marit Aase (Krf)
Møtesekretær:	Jan Erik Boge

Merknader:

Birthe Skar-Moum stilte spørsmål om kva som er rett skrivemåte: Hamnahaugen eller Havnahaugen. Administrasjonen fekk i oppgåve å avklara dette.

Orienteringar/meldingar:	<p><u>Førehandsrøysting ved Vaksdal sjukeheim</u> Jan Erik Boge orienterte om at Vaksdal kommune vil gje tilbod om førehandsrøysting for våre bebuarar ved Vaksdal sjukeheim.</p> <p><u>Kyrkjevalet 2015</u> Kommunen har sendt brev til kyrkjekontoret, med førespurnad om dei ønskjer samarbeid med kommunen i samband med kyrkjevalet. Kyrkjekontoret har førebels ikkje gitt tilbakemelding.</p> <p><u>Fastsetjing av frist for krav om manntalseksemplar</u> Notat frå administrasjonen vart delt ut og lest opp i møtet. Valstyret slutta seg til at leiaren i valstyret får mynde til å fastsetja frist.</p> <p><u>Elektronisk avkryssing i manntal</u> Brigit Olav Gåsdal (Ap) spurde om kva som er årsaka til at det likevel ikkje vert elektronisk avkryssing i manntalet i røystekrinsane på valdagen. Han viste til at</p>
---------------------------------	--

	dette låg til grunn for valstyret sitt vedtak om å redusera talet på røystekrinsar. Jan Erik Boge orienterte om det han veit om bakgrunnen for at det ikkje vert elektronisk avkryssing på valdagen ved årets val.
Utvalet sitt kvarter:	<u>Kjønnsrepresentasjon i formannskapet og utvala</u> Gunnar Bruvik (Frp) spurde om kva reglar som gjeld for kjønnsrepresentasjon i formannskapet og utvala, til dømes dersom det vert stor overvekt av menn i kommunestyret. Ordføraren vil koma tilbake til dette på neste møte i valstyret.
Dokument utlevert i møtet:	Liste over kandidatar til røystestyra som har trekt seg, og liste med nye kandidatar til røystestyra.

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 27.05.2015

Underskrift utvalsleiar

Underskrift møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
001/15	15/349	Faste saker	
002/15	14/277	Godkjenning av listeframlegg til kommunestyrevalet 2015	
003/15	14/277	Opningstider i røystekrinsane ved kommunestyrevalet 2015	
004/15	14/277	Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2015 - val av medlemmer og varamedlemmer til røystestyra	
005/15	14/277	Tidlegrøysting og førehandsrøysting til kommunestyret- og fylkestingsvalet 2015	
006/15	14/277	Oppnemning av røystemottakarar til førehandsrøystinga	

**SAKNR. 001/15
FASTE SAKER**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

20.05.2015 VALSTYRET

Handsaming i møtet:

Det vert vist til side 1 i møteprotokollen for oversikt over kva saker som vart tekne opp under "Orienteringar/meldingar" og "Utvalet sitt kvarter".

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VAL-001/15 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

SAKNR. 002/15

GODKJENNING AV LISTEFRAMLEGG TIL KOMMUNESTYREVALET 2015

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Valstyret godkjenner alle 7 listeframlegga til kommunestyrevalet 2015.

20.05.2015 VALSTYRET

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VAL-002/15 VEDTAK:

Valstyret godkjenner alle 7 listeframlegga til kommunestyrevalet 2015.

SAKNR. 003/15

OPNINGSTIDER I RØYSTEKRINSANE VED KOMMUNESTYREVALET 2015

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Opningstidene ved vallokala i dei ulike røystekrinsane ved kommunestyrevalet 2015 vert på valdagen 14. september 2015 som følger:

Røystekrins:	Vallokale:	Opningstider:
Nordbygda	Nordbygda grendahus	Kl. 10:00 – 20:00
Gjerde	Nesodden bedehus	Kl. 10:00 – 20:00
Tysse	Samnanger ungdomsskule	Kl. 10:00 – 20:00

20.05.2015 VALSTYRET

Handsaming i møtet:

Brigt Olav Gåsdal (Ap) spurde om korleis kravet om universell utforming vil verta ivareteke i vallokala på valdagen. Dette vart kort diskutert.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VAL-003/15 VEDTAK:

Opningstidene ved vallokala i dei ulike røystekrinsane ved kommunestyrevalet 2015 vert på valdagen 14. september 2015 som følgjer:

Røystekrins:	Vallokale:	Opningstider:
Nordbygda	Nordbygda grendahus	Kl. 10:00 – 20:00
Gjerde	Nesodden bedehus	Kl. 10:00 – 20:00
Tysse	Samnanger ungdomsskule	Kl. 10:00 – 20:00

SAKNR. 004/15**KOMMUNESTYRE- OG FYLKESTINGSVALET 2015 - VAL AV MEDLEMMER OG VARAMEDLEMMER TIL RØYSTESTYRA****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Valstyret peikar ut medlemmer og varamedlemmer til røystestyra i dei ulike valkrinsane ved valet 2015 slik framlagde forslag i saka viser.

Dersom nokon av personane som er føreslegne som fast medlem ikkje kan vera med i røystestyret, går varamedlem inn som fast medlem. Lista over varamedlemmer er sett opp i prioritert rekkefølge.

Leiaren i valstyret får fullmakt til å supplera med nye varamedlemmer og medlemmer i røystestyra dersom det oppstår behov for dette.

20.05.2015 VALSTYRET

Handsaming i møtet:

Marit Aase (Krf) orienterte om kven av dei førespurde personane som har meldt frå om at dei ikkje ønskjer å sitja i røystestyret, og om kven som er førespurde i staden. Dei nye personane som er førespurde, vil gå inn som varamedlemmer.

Brigt Olav Gåsdal (Ap) viste til at Bergen kommune har annonsert i media etter personar som er interesserte i å vera med i røystestyre, og foreslo at dette også vert vurdert i Samnanger før neste val.

Rådmannen sitt framlegg til medlemmer og varamedlemmer i røystestyra vart samrøystes vedteke, justert for dei endringane som det vart orientert om i møtet.

VAL-004/15 VEDTAK:

Valstyret peikar ut medlemmer og varamedlemmer til røystestyra i dei ulike valkrinsane ved valet 2015 slik framlagde forslag i saka viser.

Dersom nokon av personane som er føreslegne som fast medlem ikkje kan vera med i røystestyret, går varamedlem inn som fast medlem. Lista over varamedlemmer er sett opp i prioritert rekkefølge.

Leiaren i valstyret får fullmakt til å supplera med nye varamedlemmer og medlemmer i røystestyra dersom det oppstår behov for dette.

SAKNR. 005/15

TIDLEGRØYSTING OG FØREHANDSRØYSTING TIL KOMMUNESTYRET- OG FYLKESTINGSVALET 2015

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Ved kommunestyre- og fylkestingsvalet 2015 vert det tilbod om tidlegrøysting og førehandsrøysting i ekspedisjonen på kommunehuset. Tilbodet gjeld i den ordinære opningstida i ekspedisjonen (kl. 08.30 – 15.00). I tillegg skal det vera tilbod om førehandsrøysting følgjande dagar:

- Torsdag 03.09.2015 kl. 18.00 – 20.00.
- Laurdag 05.09.2015 kl. 10.00 – 14.00.
- Torsdag 10.09.2015 kl. 18.00 – 20.00.

Leiaren i valstyret får fullmakt til å fastsetja dato og tidspunkt for tilbod om førehandsrøysting ved sjukeheimsavdelinga på Hamnahaugen.

Leiaren i valstyret får også fullmakt til å organisera ambulerande førehandsrøysting.

20.05.2015 VALSTYRET

Handsaming i møtet:

Birthe Skar-Moum (Ap) viste til at det ved valet i 2013 vart sendt ut informasjon bebuarane i bufellesskapet på Skottabakken med informasjon om at dei kunne velja mellom heimerøysting og å røysta på valdagen. Ho foreslo at det same vert gjort i år. Administrasjonen fekk i oppgåve å sjå på dette.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VAL-005/15 VEDTAK:

Ved kommunestyre- og fylkestingsvalet 2015 vert det tilbod om tidlegrøysting og førehandsrøysting i ekspedisjonen på kommunehuset. Tilbodet gjeld i den ordinære

opningstida i ekspedisjonen (kl. 08.30 – 15.00). I tillegg skal det vera tilbod om førehandsrøysting følgjande dagar:

- Torsdag 03.09.2015 kl. 18.00 – 20.00.
- Laurdag 05.09.2015 kl. 10.00 – 14.00.
- Torsdag 10.09.2015 kl. 18.00 – 20.00.

Leiaren i valstyret får fullmakt til å fastsetja dato og tidspunkt for tilbod om førehandsrøysting ved sjukeheimsavdelinga på Hamnahaugen.

Leiaren i valstyret får også fullmakt til å organisera ambulerande førehandsrøysting.

SAKNR. 006/15

OPPNEMNING AV RØYSTEMOTTAKARAR TIL FØREHANDSRØYSTINGA

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Følgjande personar vert oppnemnde som røystemottakarar ved tidleg- og førehandsrøystinga til kommunestyre- og fylkestingsvalet 2015:

Marianne Soleng, Jan Erik Boge, Kyrre Brekke, Arnved S. Lund, Meline H. Haugland, Tone Ramsli, Hilde-Lill Våge, Jostein Steinsland-Hauge, Nina Erdal, Svanhild Oldervoll, Norveig R. Gjerde, Audhild Lekven og Karin H. Steinsland.

20.05.2015 VALSTYRET

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VAL-006/15 VEDTAK:

Følgjande personar vert oppnemnde som røystemottakarar ved tidleg- og førehandsrøystinga til kommunestyre- og fylkestingsvalet 2015:

Marianne Soleng, Jan Erik Boge, Kyrre Brekke, Arnved S. Lund, Meline H. Haugland, Tone Ramsli, Hilde-Lill Våge, Jostein Steinsland-Hauge, Nina Erdal, Svanhild Oldervoll, Norveig R. Gjerde, Audhild Lekven og Karin H. Steinsland.

